

Funksjonen til spesialundervisninga

Peder Haug

LP-konferansen 2017, Hamar 19.-20. september



HØGSKULEN I VOLDA

Kva funksjon har spesialundervisninga?

Spesialundervisninga er bakveggen i skulesystemet, og skal sikre at alle elevar får oppfylt retten til læring.

Både den nasjonale og den internasjonale forskinga gir tvitydige signal om korleis retten til læring blir realisert for elevar som får spesialundervisning.



Datagrunnlag

- Funksjon er her diskutert ut frå elevprestasjonar i matematikk, målt med ei matematikkprøve administrert ved to tidspunkt med eitt års mellomrom.
- Resultata gjeld samla for klassestega ved T1: 5, 6, 8, 9. Ved T2 dei same elevane eitt år etter, då klassestega 6,7, 9, 10.
- I alt 1756 elevar har teke prøvene ved begge tidspunkta, og i alt 122 elevar fekk spesialundervisning.
- Prøva er ei papirbasert avkryssingsprøve konstruert av Frode Opsvik og Leif Bjørn Skorpen. Opsvik, F. og Skorpen, L. B. (2017). Utvikling av kartleggingsprøve i matematikk. I Haug, P. (red.), *Spesialundervisning, innhald og funksjon* Oslo: Det Norske Samlaget.
- Prøva var administrert av dei 29 skulane som var med i prosjektet.



Foreldrene til Johan driver et hønseri. Johan pakker egg i kartonger med plass til seks egg i hver. Deretter pakker han 12 slike kartonger i en pappeske. Hvor mange egg er det i pappesken?

Vet ikke

6

18

12

72

144

60


Figur 6: Døme på oppgave i kategorien «Aritmetiske tekstoppgåver».



Matematikkambisjonane er store


- Læreplanen i matematikk for grunnskulen legg vekt på både nytte og danning (Utdanningsdirektoratet, 2006):
 - Matematikken er ein del av kulturarven,
 - Matematikk er eit grunnlag for å forstå omgivnadene og for å utvikle dei.
 - Matematikk er ein føresetnad for demokrati og samfunnsdeltaking.
 - Å meistre faget matematikk gir personleg glede og utvikling.
 - Nyttan av faget matematikk gjeld også praktisk problemløysing i dagleglivet og behova i yrkeslivet.
- Niss (2003) peikar på at matematikken skal nyttast til teknologisk og sosioøkonomisk utvikling, til å halde oppe samfunnet og til å handtere livsutfordringar.
- I kva grad blir desse ambisjonane oppfylte?






Figur 1: Prosent rette svar på kartleggingsprøva ved T1 og T2, og effektstorleiken for endringa for alle 1756 elevar splitta på klassetrinn.






Figur 2: Elevar som får spesialundervisning samanlikna med kontrollgruppene (1. kvartil). Prosent rette svar på kartleggingsprøva ved T1 og T2, og effektstorleiken for endringa.



Figur 3: Elevar som får spesialundervisning, samanlikna med kontrollgruppene (PSM) utvalde ved hjelp av «propensity score matching». Prosent rette svar på kartleggingsprøva ved T1 og T2, og effektstorleiken for endringa.



Fem års skilnad

Tre års skilnad

Figur 4: Skilnaden i «prosent rette» uttrykt som effektstorleik for elevane som får spesialundervisning, målt opp mot elevane i kontrollgruppene (PSM) og alle elevar som ikkje får spesialundervisning.



Hovudresultat

- Det er relativt stor variasjon i prestasjonane på matematikkprøva mellom elevane som får spesialundervisning, og dei som ikkje får det, både innan og mellom trinna.
- Elevane som skårar lågt og ikkje får spesialundervisning, har større auke i prestasjonane frå eitt år til det neste, enn dei som får spesialundervisning.
- Elevane som får spesialundervisning når ikkje ambisjonsnivået med matematikkfaget.



Drøfting

- Skilnadane er reelle, men korleis forklare dei?
- Skilnadane har ingenting med spesialundervisninga å gjere.
 - Gruppene som er samanlikna er ikkje like, berre gjennom ei eksperimentell tilnærming vil ein kunne gje sikkert svar på kva som forklarar resultatet.
 - Det kan t.d. gjelde elevføresetnadane eller at kvaliteten på den ordinære opplæringa ikkje er god nok.
- Skilnadane skuldast (i alle fall delvis) at spesialundervisninga ikkje fungerer godt nok.
 - Manglande spesialpedagogisk lærarkompetanse
 - Låge forventningar, ambisjonar og aspirasjonar
 - Ettergivande lærarar
 - Segregert organisering av spesialundervisninga
 - Instrumentell orientering i opplæringa

